

Reguleringsplan for Trovåg settefiskanlegg - føresegner

Detaljregulering Trovåg settefiskanlegg

PlanID 1160-18-05

1. Føremålet med planen

Føremålet med planen er å regulere utviding av eksisterande settefiskanlegg i Trovåg. Planen viser næringsområde utvida nordover frå eksisterande anlegg, med plass til fire nye hallar. Planen inneber endring i strandlinja og utfylling i sjø. Vidare legg planen opp til omlegging av krysset til fylkesvegen, fortau og lys langs delar av Trovågvegen, og omlegging av tilkomstvegen til setjefiskanlegget.

Planen regulerer òg eksisterande situasjon for dagens verksemd (settefiskanlegget) som tidlegare er regulert i reguleringsplanen *Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg, gnr. 338/1 og 56*, PlanID 116-14-02, samt ei lita utviding av grønstruktur til næringsverksemd heilt sør. Dette var slik planen var utforma i 2004. Eit område for «fritid og turisme» i austre del av planen er vidareført slik den var regulert i reguleringsplanen *Trovåg Laks* frå 2004, PlanID 1160-04-03.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1. Anleggsstans ved funn av kulturminne

Dersom det i samband med gravearbeid på land eller i sjø kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vera verna eller freda, må arbeidet straks stansast og kulturmynde (Rogaland fylkeskommune) få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd og § 14.

2.2. Handsaming av tiltak i sjø og vassdrag

Tiltak i sjø skal godkjennast av hamnemyndigheita, jf. hamne og farvasslova § 14. Fylling i sjø skal sikrast mot utrasing.

Utfylling i sjø skal handsamast etter forureiningsforskrifta av Fylkesmannen, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova av kommunen. Ålegras i nærleiken av Trovåg bør kartleggjast før ein søker om tiltak i sjø.

Fysiske tiltak i vassdrag krev søknad etter «Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag». Søknad skal sendast Fylkesmannen i Rogaland.

2.3. Miljøkvalitet

2.3.1. Massehandtering

Det skal utarbeidast ein samla massehandteringsplan for næringsområda BN1 og BN2. Mellomlagring og uttak av massar er tillate inntil alle areala er bygde ut. Planen skal ha som utgangspunkt at massar er ein ressurs som skal sikrast ei god samfunnsmessig utnytting. Massar som ikkje vert nytta innanfor planområdet skal transporterast bort til godkjent lagringsplass eller til godkjente tiltak når ein kan dokumentera at massane er reine. Her viser ein til Regionalplan for massehandtering på Jæren 2018-2040 som mal for arbeidet.

Mellomlagring av massar skal sikrast mot avrenning til Trovågrelva.

Matjord

All matjord skal tas vare på og brukast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområde lokalt. Handtering av matjorda skal dokumenterast i byggesøknad.

2.3.2. Forureining av grunn og vatn

Dersom det vert oppdaga forureining i grunn skal arbeid stansast, grunnen skal undersøkast nærmare av fagkunnig og det skal utarbeidast tiltaksplan som skal godkjennast av kommunen.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast etter krava i forureiningslova.

2.3.3. Støytilhøve

Verksemda skal forholde seg til krav om støynivå etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy, T-1442. Bustader som er utsette for støy skal skjermast etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy.

Støy for pumper eller andre støyande anlegg skal i størst mogleg grad byggjast inn i bygningsmassen, ev. leggst under bakken. Anlegg med tekniske detaljar skal generelt utformast slik at det gir minst mogleg støy og ev. lydisolerast.

2.3.4. Krav til drikkevatt

Det skal vera tilgang til hygienisk trygt og tilstrekkeleg drikkevatt for bygningar til opphald for menneske, jf. *Lov av 27.06.2008 nr 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova §27-1 1. avsnitt.)*

2.4. Byggegrenser

Byggegrense frå fylkesveg til fritid og turistføremål er vidareført slikt det var i gjeldande plan og er sett til 15 meter frå senterlinje veg.

Byggegrense mot sjø i BN1-2 er i hovudsak sett til 5 meter.

Byggegrenser er vist i plankart. Der byggegrense ikkje er synleg går den i føremålsgrensa.

2.5. Universell utforming

Kravet om universell tilkomst skal vera stetta ved detaljutforming av nybygg der tilsette har sin arbeidsplass. Mindre tekniske bygg med sporadisk opphald av tilsette treng ikkje stetta dette kravet.

2.6. Krav i anleggsfasen

I anleggsfasen med sprenging og graving skal det etablerast midlertidig skjermingstiltak, ev. voll, innanfor område BN1-2, langs føremålsgrensa mot LL1-2, for å skjerme bygda mot påverknad frå anleggsarbeidet.

Støyande anleggsarbeid som sprenging og graving er berre tillat mellom kl. 07 og kl. 21 på arbeidsdagar.

3. Føresegner for arealføremål

3.1. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1. Krav til innhald til søknad om tiltak (byggesøknad)

Det skal utarbeidast teknisk plan som viser tilkomstvegar (også inne på næringsområda), veglys, leidningsnett, vatn, sløkkevatn, avløp, handtering av overvatn, avfallshandtering m.m.. Landskapsplan for grønstruktur og vegetasjonsskjerm skal inngå i teknisk plan, samt masserekneskap som dokumenterer balanse, ev. korleis overskotsmassar skal brukast. Bruk av overskotsmassar skal vere avklart/godkjent. Teknisk plan må også vise løysing for tilkomst til landbruksareala i planområdet på eigedom 338/1.

I samband med søknad om tiltak (nybygg) skal det utarbeidast situasjonsplan med snitt – teikningar som syner bygningane si plassering og korleis den ubygde delen av tomta skal planerast og utnyttast. Planen skal visa eventuelle murar, gjerde, areal for veg, parkering, lagerareal, grøntareal, avslutning av skjering/fylling og den terrengmessige handsaminga med høgder påført. Situasjonsplan skal og vise ev. vegetasjon- og grøntområde. Plan for belysning av uteområde skal inkluderast i søknaden.

Ved søknad om løyve til tiltak (nybygg) innanfor områda skal det leggjast ved ei vurdering som er gjort for å oppnå redusert energibruk, klimagassutslepp og bruk av alternative, fornybare energikjelder.

3.1.2. Fritids- og turistføremål (BFT)

Området er ei vidareføring frå gjeldande reguleringsplan frå 2004. Det føreligg ingen konkrete planar kring utbygging av området. Det blir stilt krav om detaljert situasjonsplan og illustrasjonar for heile området saman med søknad om tiltak.

Det kan byggjast hytter, servicebygg etc. for utleige til turistføremål i området.

BYA er sett til 20% av området.

Detaljert situasjonsplan må også vise form og dimensjonar på bygningar, parkeringsareal, interne vegar, grøntareal, servicebygningar, leikeareal, gesimshøgde, møneretningar, takvinkel samt forslag til materialbruk og formspråk. Støysone mot fylkesvegen.

Ved opparbeiding av området skal det takast omsyn til terrenget slik at dette vert behandla på ein mest mogeleg skånsam måte. Eventuelle støttemurar skal vera av naturstein og ha ei maksimal høgde på 2 meter før avtrapping. Delar av eksisterande vegetasjon (tre eller grupper av tre) bør takast vare på for å mjukne opp det utbygde området.

Området må sikrast tilkomst til offentleg veg. Avkøyrsløp til område er vist i plan. Mindre justering av tilkomst kan vedtas i byggesak.

VA-situasjon må avklarast på byggesaksnivå. Det er særleg viktig at avløp og overflatevatn mot Malasetvatnet og Trovågelva vert teke i vare på ein god måte for å hindre forureining av inntaksvatn for settefiskanlegget og bekken generelt.

3.1.3. Næringsbygningar (BN1-2)

Begge områda skal nyttast til fiskeoppdrett med tilhøyrande bygg og anlegg, samt bygg knytt til denne næring eller utnytting av ressursar frå næring.

Innanfor området kan det etablerast følgjande:

Bygningar, frittstående fiskekar, gasstank, bygg for vasshandsaming, intern køyreveg, parkeringsplassar, nettstasjon/trafo, og anna teknisk utstyr etc.

Terrenghandsaming

Det skal ved opparbeiding av området og ved utforming av bygningar takast omsyn til eksisterande og omkringliggjande terreng. Mot tilgrensande areal skal det gjerast nødvendige tilpassingar slik at ein oppnår gode estetiske løysningar. Støttemurar skal ha ei maksimal høgd på 4 meter før eventuelle avtrappingar. Det skal i størst mogleg grad nyttast støttemurar av naturstein.

Planeringshøgde er sett til minimum kote +3 og maksimum kote +9. Planeringshøgde kan fråvikast for å etablere føremålstenleg tilkomst til regulert kai.

Regulert område i plankart viser topp planert nivå mot sjø (kote +3). Fyllingsutslag er tillat i tilgrensande sjøareal. All skjering, støttemurar eller skråningar mot eksisterande landareal skal etablerast innanfor næringsføremålet.

Utomhusareal

Ubygde delar av området kan mellom anna nyttast til vegetasjon, utelager, lysmaster, skilt, gjerde, støttemurar, etc. Det skal opparbeidast areal for parkering og tilkomst til dei ulike delane av anlegget samt sнопlass for større køyretøy. Det er tillat å gjerde inn næringsområdet for å hindre allmenn ferdsle på næringsområdet og fare for smittespreiing, skadeverk etc. Det må etablerast snuhammar/ sнопlass utanfor inngjerda område i tilknytning til SKV1, tilkomstvegen til området.

Ubebygd areal og utelager må gjevast ei tiltalende form og utsjånad.

Krav til bygningar

Maksimalt tillat bygd areal er 80 % BYA på kvar av dei to næringsområda BN1 og BN2.

Maksimal mønehøgde for bygg er 17 m over planeringshøgde (maks kote +20). Enkelt bygg på maksimalt 100 m² t.d. vassbehandling og oksygentank, kan vera høgare, med maks mønehøgde på kote +23

Det skal nyttast naturlege fargar på overflatar og refleksjonshemmande material på tak og vegger av alle nybygg ved sjø. Enkeltstående bygg på maksimalt 100 m² kan ha anna takvinkel. Det skal vera variasjon i fasadar på bygg, ved hjelp av farge og/eller materialbruk. Bruk av farge og materiale skal medverke til å dempe anlegget sitt uttrykk.

Anna

Kai kan etablerast innanfor næringsføremålet gitt at ein ikkje fyller ut næringsføremålet i sjø i samsvar med føremålsgrensa. Storleik på kai skal vera i samsvar med føringane til kaiføremålet. Plassering skal vere mot vest.

I austre del av BN1-2 skal det etablerast vegetasjonsskjerm av ei variert planting med stadeigne arter, fortrinnsvis lauvtre. Det kan etablerast ein voll i samband med vegetasjonsskjermen. Vegetasjonsskjerm og voll kan etablerast utanfor byggegrensa.

Det skal leggst til rette for naturleg revegetering langs nordsida av den nordlegaste hallen i BN2, ved å ikkje legge fast dekke på alt arealet mellom hallen og sjøen. Dette skal etablerast samstundes med etablering av den nordlegaste hallen.

Innanfor område BN1 skal det etablerast areal for renovasjon. Arealet skal vera tilgjengeleg for renovasjonsbilar frå HIM, med sнопlass.

a. Oppføring og riving av mindre bygg og konstruksjonar

Transformator kioskar, kabelskap, pumpestasjonar, O₂-tank, lut-tank, gjerde/sikringsgjerde og liknande kan oppførast innanfor føremålet etter nærare godkjenning i kommunen. Regulert byggegrense gjeld ikkje for denne type bygg og konstruksjonar.

Etablering av O₂-tank innanfor næringsføremålet skal sikrast med inngjerding.

Eksisterande bygningar og tekniske konstruksjonar knytt til settefiskanlegget kan rivast og fjernast innanfor byggeområdet.

3.1.4. Renovasjonsanlegg (BRE)

Området skal nyttast som felles renovasjonsplass for abonnementane på gnr. 338, bnr. 1, 2, 4,6, 10, 11, 16 og 40.

3.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1. Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Regulerte vegtiltak skal etablerast i samsvar med plankartet. Mindre justeringar kan gjennomførast dersom trafikktryggleiken er i varetatt.

3.2.2. Veg (SV)

Vegføremålet regulerer ein del av fylkesveg 4736 med nytt vegkryss til Trovågvegen.

Krysset vert ikkje regulert i samsvar med handboka, men er basert på fråvikshandsaming av horisontal- og vertikalkurvatur, samt manglande stoppsikt bak busen mot Vikebygd, av Statens vegvesen datert 28.08.2019.

Detaljplanar for vegkrysset inkl. busskantstoppa må godkjennast av vegmynde før utbygging.

3.2.3. Køyreveg (SKV1 -2)

Ny tilkomstveg til settefiskanlegget er regulert i SKV1. Vegen er regulert som lokalveg med vegbreidde 6,5 meter og med breidde utviding i sving.

Ny avkøyrse til den eksisterande Trovågvegen er regulert i SKV2.

Køyrevegane SKV1 og SKV2 er private vegar.

Det skal lagast kulvert for Trovågelva under ny tilkomstveg til anlegget. Kulvert for bekken skal dimensjonert for å handtere 200-årsflaum med klimaframskriving.

3.2.4. Fortau (SF1-3)

SF1 er nytt fortau langsmed Trovågvegen. Regulert breidde 2 meter og eigarform privat.

SF2 og 3 er offentleg fortau langsmed Fylkesvegen. Fortaua vert avslutta i busskantstoppa. Breidda på fortau er 3,5 meter.

3.2.5. Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Området omfattar fylling, skjering, grøfter, murar, stabiliserande tiltak og liknande tilknytt veg og køyreveg i planen.

Området skal nyttast til tiltak knytt til drift og vedlikehald av tilstøytande veggrunn.

Framføring av teknisk infrastruktur er tillat.

Anna veggrunn langsmed fylkesvegen har offentleg eigarform. Breidda på dette området er ca. 3 meter.

3.2.6. Haldeplass/plattform (SH1-2)

Omfattar areal for kantstopp for buss på begge sider av fylkesvegen. Breidde 2,7 meter. Eigarform offentleg.

3.2.7. Leskur/plattformtak (SP1-2)

Omfattar areal for leskur eller plattformtak tilknytt kanstopp for buss. Eigarform offentleg.

3.2.8. Kai (SK1-3)

Kaiane er tilknytt verksemda på BN1 og BN2.

Det kan etablerast kai med storleik ca. 50x13 m innafor eit regulert areal på 80 og 16 m. Mindre støttেকaier kan etablerast i tillegg. Arealet er regulert for å gi tilstrekkeleg dimensjon og djupne for tilkomst for større brønnbåtar. Mindre avvik i høve til plassering av kaikonstruksjon vil kunne skje som følge av ukjent grunnilhøve. Dette kan medføra at areal avsett til kai vil fråvika noko frå det som går fram av føremåls grensene i plankartet. Areal som ikkje vert disponert til kaiføremål er føresett brukt som tilstøytande føremål i sjø (ferdsel).

I området er det høve til å etablere fyllingsutslag frå tilgrensande næringsføremål BN1-2.

På kaiareala kan det etablerast mindre tekniske bygg og installasjonar (for eksempel pumpestasjon/landstraumanlegg). Maksimal mønehøgde er 5 meter frå kainivå.

Ferdig kaihøgde er sett til minimum kote +2. Må spør kvifor de skriv +2 her og har anna areal mot sjø på +3.

3.3. Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1. Blågrønstruktur (GBG1-4)

Areal rundt Trovågelva er regulert til dette føremålet.

GBG1 skal sikra open bekk gjennom næringsområdet. I deler av området er det sett av omsynssone; her er det opna for at køyrbar bru og tekniske røyrssystem tilknytt settefiskanlegget kan kryssa bekken.

GBG2 og -3 skal sikra open bekk langsmed Trovågvegen. I desse områda skal kantvegetasjonen i størst mogleg grad takast vare på. Områda kan beitast av dyr. Avkøyrlepiler til området er vist i plan, frå SKV1 til GBG3 og frå GBG3 til BFT.

Ved endring eller justering på bekkeløp skal det takast omsyn til form, stigningsforhold og passasje slik at

bekken kan oppretthalde sin funksjon som leveområde og/eller vandringsveg for ål og anna biologisk mangfald.

3.3.2. Vegetasjonsskjerm (GV)

Eit 5 meter breitt belte mot busetnaden i Revabåshaugen er regulert inn sør om næringsområde BN1. Området skal vera ei skjerming mellom opparbeidd næringsområde og tilstøytande areal (naboar). I området er det tillat å etablera stadbunden vegetasjon. Det kan etablerast sikringsgjerde innanfor området.

3.4. Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift (§12-5 nr.5)

3.4.1. Landbruks-, natur- og friluftsføremål (L1-7)

Eksisterande landbruksområde er regulert til dette føremålet.

Områda kan nyttast for tiltak knytt til landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Område L2 regulerer deler av eksisterande tilkomstveg til traktorveg. Eksisterande kulvert kan fjernast.

Område L5 på 338/12 er regulert som underføremål til Midlertidig bygg og anleggsområde (#91), og er i samsvar med det føremål denne tomte er regulert til i kommunepan. I område L5 skal det etablerast støyskjerm mot veg, der utforminga skal skje i samråd med støykartlegging. Plassering av støyskjerm kan ikkje vera til hinder av frisikten på svingen til fylkesvegen.

3.4.2. Landbruksføremål (LL1-2)

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Avkøyrsløse til området kan etablerast på dei stader der det høver slik med terrenget, og dei kan oppretthaldast så lenge det er bruk for dei til landbruksføremål.

3.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V1-2)

Malasetvatnet er regulert til dette. Her vil det vera avgrensa bruk av området pga. konsesjon for uttak av vatn til settefiskanlegget. I området kan det etablerast nye inntaksrøyr for vatn.

3.5.2. Ferdslø (VFE)

Området skal sikre ferdslø til kaiar (SK1-3) og næringsområda (BN1-2).

I området er det høve til å etablera fyllingskråning frå BN1 og BN2.

I området kan ein etablere naudsynte leidningar til anlegget.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1. Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone x, x)

4.1.1. Frisikt (H140)

Innanfor frisiktsona skal det vera fri sikt i ei høgd større enn 0,5 meter over tilstøytane vegars plan.

4.1.2. Høgspenningsanlegg (H370)

Eksisterande høgspenningslinje er regulert med ei buffersone på 11 meter på kvar side av leidningsnettet. Total breidde 22 meter. Innanfor sone er det ikkje tillat å gjera tiltak utan førehandsgodkjenning frå kraftlaget.

4.2. Særlege krav til infrastruktur § 11-8 b) (H410)

Utanfor regulert næringsområde (BN) har settefiskanlegget viktige røyrnettssystem som det må takast omsyn til i planen. Røyrnettet består av eksisterande og planlagde nye inntaksrøyr i og frå Malasetvatnet og ned til anlegget. I dag går det røyrnett både frå eksisterande damanlegg og gjennom GBG3 og BFT, samt direkte frå Malasetvatnet og gjennom L3.

Innanfor området ligg også inntaksdammen som regulerer vatn til Trovågelva og kulverten under fylkesvegen.

Innanfor området vil det vera tillat med oppgradering, vedlikehald av eksisterande røyr- og anlegg, samt etablering av nye tiltak som er tilknytt næringa i BN1 og BN2.

Eksisterande leidningar tilknytt 338/12 skal ein taka omsyn til ved etablering av nye tiltak.

4.3. Særleg omsyn til landskap og grønstruktur samt bevaring av natur eller kulturmiljø (§11-8 c)

4.3.1. Bevaring Kulturmiljø (H570)

Stemmegarden er målt inn og omsynssone er lagt rundt dette lokale kulturminnet.

Det er ikkje tillat å fjerne eller endre stemmegarden utan nærmare godkjenning frå kommunen.

4.4. Midlertidig bygge- og anleggsområde (§12-7) (#91)

#91 langs fylkesvegen: Det er sett av eit ca. 5 meter breitt belte til dette føremålet utanfor offentleg regulert samferdsle. Områda kan nyttast under utbygging av samsferdsleanlegg (nytt vegkryss inkl. busskantstopp) i planen. Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til sitt opphavslege arealføremål og setjast i stand slik dei var før inngrepet eller i samsvar med grunneigar. Områda skal ferdigstillast seinast 0,5 år etter at offentleg regulerte samferdsletiltak er ferdige.

#91 på LL2: Arealet regulert til LL2 ved BN1 vert i dag nytta som midlertidig bygge og anleggsområde. Bremnes Seashore har avtalt med grunneigar om bruk av dette arealet som midlertidig anleggsområde så lenge det er byggeaktivitet innanfor BN1 og fram til ferdigstilling av ny tilkomstveg ned til anlegget. Arealet vil òg nyttast under utbygging av BN2. Området skal ferdigstillast seinast 0,5 år etter at utbygginga er ferdig.

5. Punktsymbol

5.1. Avkørsel

Inn- og utkøyringssymbol viser avkørsel til 338/12 og er retningsgjevande for traktorvegar til inn- og utmark. Mindre justering vil vera tillat.

Inn- og utkøyringssymbol til område Fritids- og turistføremål (BFT) er vist med pil nord for området og skal løysast i detaljert situasjonsplan, ref. punkt 3.1.2.

6. Rekkjefølgjekrav

- Før byggeløyve kan gis skal kommunen godkjenne planar for tekniske anlegg, inkl. tilkomstvegar, veglys, leidningsnett, vatn, sløkkevatn, avløp, handtering av overvatn, avfallshandtering m.m.. Landskapsplan for grønstruktur og vegetasjonsskjerm i tråd med føresegn over, skal inngå i teknisk plan, samt masserekneskap som dokumenterer balanse, ev. korleis overskotsmassar skal brukast. Bruk av overskotsmassar skal vere avklart/godkjent. Teknisk plan må også vise løysing for tilkomst til landbruksareala i planområdet på eigedom 338/1.
- Nytt vegkryss inkl. busskantstopp og fortau, som vist i plankart, skal vera etablert før ein kan sette i gang tiltak i BN1 og BN2. Teknisk plan for utforminga av krysset mot fylkesvegen skal vera godkjent av Rogaland Fylkeskommunen før byggestart. Teknisk plan skal utførast i samsvar med vegvesenets handbok «R700 Tegningsgrunnlag». Planen skal innehalde naudsynt teknisk grunnlag, som til dømes C- teikningar og plan for handtering av overvatn. Avtale for gjennomføring av ny avkøyrse frå fylkesvegen skal vera inngått med vegeigar før byggestart av nytt kryss.
- Ny tilkomstveg med fortau skal vere etablert før ein kan sette i gang tiltak i BN1 og BN2.
- Jord frå jordbruksareal skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksføremål. Før det kan gjerast tiltak i BN2 skal det utarbeidast ein plan for handtering av matjordlaget frå jordbruksarealet som skal omdisponerast. Planen skal omtale metode for avtaking, transport og ev. mellomlagring. Planen skal også inkl. korleis matjord skal handterast slik at dyrkingsegenskap vert oppretthalden. Matjorda bør fortrinnsvis flyttast til ny permanent plassering med ein gong. Eventuell nydyrking må avklarast i samsvar med «Forskrift om nydyrking».
- Før det gis byggeløyve/igangsettingsløyve må det dokumenterast tilgang til hygienisk trygt og tilstrekkeleg drikkevatt og sløkkevatn.
- Utfylling i sjø kan ikkje skje før det ligg føre løyve etter forureiningslova og godkjenning etter hamne- og farvasslova.
- Fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag krev ei avklaring (og ev. dispensasjon) etter vassressurslova § 11. Her er Fylkesmannen mynde.
- Fysiske tiltak i vassdrag krev eigen handsaming etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkesmannen er mynde på anadrome (lakse- og/eller sjøaureførande) delar av vassdrag, Rogaland fylkeskommune er mynde i ikkje-anadrome delar av vassdrag.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

- Vedlegg 6.3. Statens vegvesen – svar på fråvikssøknad, datert 28.08.2019

Vedtatt i Vindafjord kommunestyre 15.12.2020